



Notat

Dato: 06.01.2016
Arkivsak: 2014/16411-11
Saksbehandlar: benutne

Til: Kontrollutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Forvaltningsrevisjon av samhandling innan vegområdet – tilbakemelding til kontrollutvalet pr 31.12.15

Bakgrunn

Fylkestinget sitt vedtak 12.12.2012 i sak 85/12:

«På bakgrunn av forvaltningsrevisjonsrapport «Samhandling på vegområdet i Hordaland fylkeskommune» ber fylkestinget fylkesrådmannen syte for å:

1. Etablere formaliserte prosjektspesifikke møte for oppfølging av investeringsprosjekt (ref. eigarstyringsmøte i Sogn og Fjordane).
2. Vurdere om det vil vere føremålstenleg å nytte eit nettbasert system for dokumentdeling mellom fylkeskommunen og vegvesenet knytt til vegprosjekt.
3. Etablere meir formaliserte rutinar for den årlege evalueringa av rammeavtalen og vurdere om dette til dømes kan gjerast i samarbeid med dei andre fylkeskommunane i Region Vest.
4. Trekkje Vegvesenet og andre fylkeskommunar inn i arbeidet med å utarbeide praktiske rutinar for å handtere nye krav til budsjettering og rekneskapsføring i investeringsrekneskapen, og handtering av fleirårige prosjekt.
5. Vurdere om ingeniørkompetansen innan samferdsleavdelinga er tilstrekkeleg.
6. Lage ein handlingsplan innan 15.02.2013 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgje opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksetjinga.»

Tilbakemeldingar til kontrollutvalet:

Etter dette har fylkesrådmannen/fylkesdirektør for samferdsel gjeve følgjande tilbakemeldingar til kontrollutvalet:

- Brev frå fylkesdirektør samferdsel til fylkesrådmannen av 10.04.2014
- Notat frå fylkesrådmannen til kontrollutvalet av 19.11.2014 (inkl. brev av 10.04.2014)
- Notat til kontrollutvalet – tilbakemelding pr 30.06.15 (datert 09.07.15)
- I tillegg har fylkesrådmannen/fylkesdirektør for samferdsel orientert i kontrollutvalet ved fleire høve

Saksprotokoll i kontrollutvalet 24.08.15

Kontrollutvalet har merka seg at Hordaland fylkeskommune er komme langt i fleire av prosessane for å følgje opp fylkestinget sitt vedtak sjølv om det har teke særslig lang tid. Punkta 2 og 5 er ferdig gjennomført og kontrollutvalet ber om at fylkesrådmannen kjem med ny skriftleg status på punkta, 1, 3 og 4 innan 11.1.16.

Prosjektet «Samhandling innan vegområdet»

Samferdselsavdelinga engasjerte i desember 2014 konsulentbistand ved Karabin AS for å støtta vegseksjonen i prosjektet «Samhandling innan vegområdet». Sentralt her var å svara ut fylkestinget sitt vedtak 85/12, men prosjektet har omfatta langt meir enn oppfylling av fylkestingvedtaket. Føremålet med prosjektet var å utføra ein systematisk gjennomgang av samarbeidet mellom HFK og SVV, med ønske om å forbetra og presisera følgjande element:

- Vegeigarrolle
- Planlegging
- Rapportering og styring i ulike typar prosjekt
- Vurdering av sentrale styringsdokument

Korleis HFK skal bli ein tydelegare vegeigar har vore ein sentral del av prosjektet. I dette ligg også eit større fokus på strategi og planlegging. Seksjonsleiar på vegseksjonen har styrt prosjektet. Samhandlingsprosjektet var eit omfattande arbeid, og det har vore viktig med forankring i organisasjonane, både i HFK og i SVV.

Samferdselsavdelinga hadde tidlegare målsetning om å leggja fram politisk sak i desembertinget 2015 for dei endringane som krev politisk godkjenning, herunder rammeavtalen og endring i fullmakter. Ettersom det var val og nytt fylkesting hausten 2015, skulle fylkesrådmannen starta opp arbeidet med gjennomgang av delegasjonsreglementet. Det var dermed naturleg å sjå behova for endringar i fullmakter på vegområdet i samanheng med dette arbeidet. Sak om rammeavtalen er planlagt lagt fram for fylkestinget i mars 2016.

Status for «Samhandling innan vegområdet» per 31.12.2015:

Resultat frå prosjektet er nedfelt i ein tiltaksplan, der HFK og SVV er samde om følgjande tiltak/aktivitetar:

- 1 Nytt utkast til styringsdokument etablert (sak våren 2016)
 - a. Rammeavtale
 - b. Rolle- og oppgåvedeling
 - c. Fullmaktsmatrise
- 2 Forenkle og effektivisere prosessen rundt etablering og oppdatering av leveranseavtalen (ferdig)
- 3 RTP skal bli tydelegare på strategi (opplegg ferdig)
 - a. SVV skal inn i sekretariat for å sikre tettare samarbeid i planprosessen for RTP
 - b. Handlingsprogrammet til RTP skal rullerast med fast frekvens (RTP 4+8 år)
 - c. Innspel frå kommunane til RTP-prosessen vil skje gjennom regionråda (evt kommunevis) i planprosessen og formell høyring
- 4 Auka fokus på planlegging av prosjekt som er lista i RTP (i hovudsak ferdig)
 - a. Tydeleggjere plandelen i Plan og byggeprogrammet (PBP)
 - b. Etablere eigne prosesser for plandelen og byggedelen i PBP utanom Bergen
 - c. Innføre rapportering av planprosjekt i PBP

- 5 Tettare på prioriterte prosjekt (kostnad, risiko, kvalitet, merksemd eller omfang) (i hovudsak ferdig)
 - a. Bompengepakkar
 - b. Store prosjekt
 - c. Innføre mandat for styring i alle nye bompengepakkar og store prosjekt (fylkesvegrådet januar 2016)
- 6 Innføre faggrupper med mandat i aktuelle programområde utanom Bergen (fylkesvegrådet januar 2016)
- 7 Sikre rapportering ved vesentlege avvik på standardhevingstiltak (ferdig)
- 8 For å sikre meir rasjonell og føreseielig gjennomføring av tiltak innan standardheving og programområde, skal ein i større grad enn i dag inngå fleirårige kontraktar (ferdig)
- 9 Meir systematisk kommunedialog (opplegg ferdig)
 - a: Kontaktmøte i HFK/SVV regi
 - b: Initiert frå kommunane
- 10 Årshjul for rapportering er oppdatert (ferdig)
- 11 Tertiairrapportene er forbetra (under arbeid)
- 12 Innføre rapportering av akkumulert forbruk for fleirårige prosjekt (delvis levert ifm. tertiairrapport 2/2015)
- 13 Utarbeide enkel mal for økonomisk sluttrapportering av prosjekt over 10 mill kr (SVV leverer til fylkesvegrådet februar 2016)
- 14 Betre samsvar mellom teknisk og økonomisk avslutning av prosjekt. Føremål: Færre opne prosjekt. Ny post om grunnerverv er lagt i budsjettet (SVV leverer til fylkesvegrådet april 2016)
- 15 Vidareutvikle fylkesvegrådet som arena for samhandling (ferdig)
- 16 Tidligare prosjektering for framtidige tiltak (ferdig)
- 17 Innføre eRoom som samhandlingsarena (ferdig)
- 18 Rullere strategi for drift- og vedlikehald (under arbeid)
- 19 Retningslinjer for handsaming av fråvik frå vegnormalane (under arbeid)
- 20 "Innføre fast rapportering på trafikkulykker (delvis ferdig, SVV leverer ila. vinteren 2016)
 - a: Rapport annankvar månad (drepne og hardt skadde)
 - b: Ulykkesbarometer inn som fast rapportering i årshjulet
- 21 Dokumentere rutinar knytt til økonomi for fylkesveg - Oppfølging revisjonsrapport nr 13 (ferdig)
- 22 Følgje opp denne tiltaksplanen (ferdig): Her vil samferdselsavdelinga kvartalsvis gjennomgå denne tiltakslista i forkant av fylkesvegrådmøta.

Sjølv om punkta over er merka «ferdig» vil mange av desse vera kontinuerlege prosessar som vil bli forbetra og endra etter endra behov.

Dokument i samhandlingsprosjektet

Dokumenta i samhandlingsprosjektet er lagt inn i eroom.

Følgjande dokument kan nemnast, og er tilgjengeleg for kontrollutvalet / revisor på førespurnad:

- ✓ Endringer rammeavtale 06.11.15.pptx
 - ✓ Fråvik i plansak.docx
 - ✓ GAP Ny og gammel rammeavtale.xlsx
 - ✓ HFK mal bompengepakker.docx
 - ✓ HFK mal referat store prosjekt.docx
 - ✓ Oppsummering arbeidspakke planlegging.pptx
 - ✓ Prosesser og tidslinjer Samferdsel.vsd
 - ✓ Rammeavtale HFK og Statens Vegvesen 181115.pdf
 - ✓ Sak 9 Notat. Kommunedialog.pdf
 - ✓ SiV Masterpresentasjon.pptx
 - ✓ SiV Tiltaksplan 02.11.2015.xlsx
 - ✓ Sluttnotat SiV 12.11.docx
 - ✓ Strategisk posisjon.pptx
 - ✓ Årshjul matrise HFK SVV.xlsx

Status for fylkestingvedtak 85/12 per 31.12.2015 – attstående vedtakspunkt :

1. Etablere formaliserte prosjektspesifikke møte for oppfølging av investeringsprosjekt (ref.eigarstyringsmøte i Sogn og Fjordane).

Jamfør punkt 5 over når det gjeld store prosjekt og bompengepakkar. Samferdselsavdelinga deltek no i styringsgruppene / kontaktutvala for alle bompengepakkane inklusive Bergensprogrammet. Vidare er opplegg klart for eigarstyringsmøte/deltaking i store prosjekt. I tillegg vert det lagt fram for fylkesvegrådet i januar 2016 forslag til mandat for nye styringsgrupper for bompengepakkar. Ein har i 2016 lagt opp til 11 møte i fylkesvegrådet. Dette ein god arena til forløpende å leggja fram saker som krev avklaringar / beslutningar, og saker som bør informerast om.

Konklusjon: Det er etablert fleire arenaer for oppfølging av investeringsprosjekt, der styringsgrupper for bompengepakkar er den viktigaste. I tillegg er opplegg for eigarstyringsmøte etablert. Vidare er fylkesvegrådet ein god arena for oppfølging av prosjekt og tilhøyrande avvik. Vedtakspunktet er dermed oppfylt.

3. Etablere meir formaliserte rutinar for den årlege evalueringa av rammeavtalen og vurdere om dette til dømes kan gjerast i samarbeid med dei andre fylkeskommunane i Region Vest.

Etablere meir formaliserte rutinar for den årlege evalueringa av rammeavtalen:

Gjennomgang av rammeavtalen er ein del av samhandlingsprosjektet, og HFK og SVV er samde om endringane. Det står att å leggja fram politisk sak om dette våren 2016. Rammeavtalen vil evaluerast årleg.

Vurdere samarbeid med Rogaland og Sogn og Fjordane om evalueringa:

Hordaland fylkeskommune har hatt god hjelp og nytte av Sogn og Fjordane i samhandlingsprosjektet. Vi har innhenta ein del dokumentasjon frå andre instansar og fylkeskommunar, herunder Rogaland. Viser også til KS-prosjektet omtalt i notatet av 9.7.15.

Konklusjon: Når politisk sak om rammeavtalen er lagt fram våren 2016 ser ein punktet som oppfylt.

4. Trekkje Vegvesenet og andre fylkeskommunar inn i arbeidet med å utarbeide praktiske rutinar for å handtere nye krav til budsjettering og rekneskapsføring i investeringsrekneskapen, og handtering av fleirårige prosjekt.

Nye krav til budsjettering og rekneskapsføring: Er svart ut tidlegare.

Handtering av fleirårige prosjekt: Frå 2010 har vegseksjonen signalisert behov for betre rapportering av fleirårige prosjekt. Tertiäl-/årsrapporteringa rapporterer berre i forhold til årets budsjett. Prosjektrapportar skal lagast for store prosjekt, slik som t.d. i Sogn og Fjordane og Sør-Trøndelag.

SVV har i samband med tertialrapport 2/15 levert ei liste «Fylkesvegprosjekt med finansiering over fleire år – forløpig utgave» (jamfør punkt 12 over). Tala er så langt ikkje lagt inn i øvrige tabellar eller tertialrapporteringa, noko som er eit ønskje frå HFK. Dette vil følgjast opp vidare.

Pr 1.1.2016 har SVV ikkje levert nokon prosjektrapportar, men vegvesenet arbeider med eit opplegg for dette (jamfør punkt 13 over).

Konklusjon: Det er etablert rutinar og opplegg for dette, og HFK vil følgja opp SVV vidare her. Ein ser dermed punktet som svart ut.

5. Vurdere om ingeniørkompetansen innan samferdsleavdelinga er tilstrekkeleg.

Til dette punktet har vi tidlegare svart at det vil vera ein fordel med meir vegteknisk ingeniørkompetanse i vegseksjonen, og at dette blir vurdert ved nyttilsetjingar. Fylkesdirektør for samferdsel har lagt opp til å rekruttera ein person med prosjektstyringskompetanse i løpet av våren 2016. Såleis vil HFK betre kunne møta Vegvesenet si forvaltning og utvikling av fylkesvegane.

Avslutning

Samferdselsavdelinga har no formelt avslutta samhandlingsprosjektet. Dei fleste tiltaka er etablert, og dei resterande er det laga eit opplegg for. Ein vil gå gjennom tiltakslista jamleg, jamfør punkt 22 i tiltakslista. Både SVV og HFK har bidratt aktivt i prosessen, sjølv om det har vore krevjande i tillegg til dei andre oppgåvene.

Sjølv om det har teke lang tid, meiner fylkesrådmannen at vedtak 85/12 er oppfylt.

Vedlegg: Presentasjonen med dei viktigaste konklusjonane frå samhandlingsprosjektet.